



**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømeråd

# Møre bispedømeråd 2016-2019

Møtedato: 08.09.2017



# DEN NORSKE KIRKE

Møre bispedømeråd

## MØTEINNKALLING

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 08.09.2017 kl. 10:00  
**Sted:** Møre bispedømekontor  
**Arkivsak:** 17/00414  
**Arkivkode:** 421

Mulige forfall meldes snarest til administrasjonen ved Anina Sørli Olsen, as698@kirken.no, tlf. 71 25 06 88.

To forfall er meldt:

- Maren Elgsaas Jenssen, vara er innkalt
- Frode Rabbevåg, vara er innkalt

#### Litt om dagen:

Opning i kapellet kl. 09.45 v/Anette Fredly  
Møtestart kl. 10:00  
Lunsj kl. 11:45 – 12:15  
Møteslutt kl. 16:00

Møte med Kirkens SOS – orientering om arbeidet

## SAKSLISTE

### Godkjenning av innkalling og saksliste

Møteinnkalling Møre bispedømeråd 08.09.2017

### Godkjenning av protokoll

Protokoll Møre bispedømeråd 16.06.2017

### Tilsettingssaker

[41/17](#) Tilsetting av sokneprest i Søre Sunnmøre prosti-Vanylven og Åram sokn  
Saksordfører Rikke Kopperstad

### Saker til behandling

[42/17](#) Rekneskapsrapport pr 31.07.2017  
Saksordfører Olav Myklebust

[43/17](#) Innspel budsjett 2019  
Saksordfører Olav Myklebust

[44/17](#) Budsjett og årsplan 2018 - overordna styringssignal  
Saksordfører Therese B. Utgård

[45/17](#) Utlysing av stillingar og tilsettingsprosessar i Møre bispedøme  
Saksordfører Olav Rønneberg

[46/17](#) Endring av prostigrenser i Møre bispedømme  
Saksordfører Per Eilert Orten

[47/17](#) Kirke 18-30  
Saksordfører Anette Fredly

[48/17](#) Møteplan 2018  
Saksordfører Ann Kristin Sørvik

[49/17](#) Møte med Kirkens SOS

### **Orienteringssaker**

[50/17](#) Orienteringssaker 08.09.2017

### **Referatsaker**

[51/17](#) Referatsaker 08.09.2017

Molde 29.08.2017



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	121	17/02919-5	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
42/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Rekneskapsrapport pr 31.07.2017

### Vedlegg:

Rekneskap administrasjonen 07 2017.pdf

Rekneskap presteskapet 07 2017.pdf

### Saksorientering

#### Administrasjonen:

Lønsumbetalingane følgjer budsjettet. Høgt sjukefråvær har gitt høgare refusjon frå NAV enn budsjettet. Dette er hovudårsaka til mindreforbruket på kr 445 000 på løn og godtgjersler.

Det er mindre avvik på enkelte budsjettpostar på driftskostnader. Ser vi samla på driftskostnadane, følgjer desse budsjettet.

Tilskot frå opplysningsvesenets fond til rådgjevarstilling er budsjettet, men er ikkje godskreve vårt rekneskap pr. 31.07.17.

Totalt er det eit samla mindreforbruk på kr 321 000 ved utgangen av juli.

#### Presteskapet:

Samla lønsumgifter er kr 736 000 høgare enn budsjettet. Dette er om lag same kronebeløp som meirforbruket pr. 31.05.17.

Det er viktig å halde fokus på lønsumgiftene, og å halde seg til bispedømerådet sitt vedtak om redusert vikar ved ulike fråvær/ledig stilling.

Vi har ikkje refundert flytteutgifter til prestar så langs dette året. Det er budsjettet med kr 175 000. Det vil kome rekningar for flyttingar i haust, men vi ventar at det blir noko innsparing på denne posten.

Konto 6797 Annan bistand gjeld refusjon løn prostesekretærar. Desse utgiftene kjem i november/desember og vi ventar at heile budsjettet blir nytta.

Møter, kurs og seminar har eit mindreforbruk på kr 456 000 pr. 31.07.2017. Det er venta at heile denne tildelinga blir brukt.

Reiseutgiftene er lågare enn budsjettet. Vi er usikre på om dette skuldast manglande innsending av krav, eller om reiseutgiftene for prestar er reelt lågare enn budsjettet. Ein gjennomgang av innsendte krav avdekka at nokre av prestane ikkje hadde sendt inn rekning i 2017. Desse har blitt bedt om å sende inn rekningar snarast.

Totalt viser rekneskapen eit mindreforbruk pr. 31.07.17. Tek vi omsyn til forskyving i utgiftene i høve til budsjettet, kan vi vente eit lite overforbruk på utgiftene til presteskapet i 2017.

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tek rekneskapsrapportane pr. 31.07.2017 til vitande.



Saksbehandlar	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	112	17/05244-1	

Saksnummer	Råd/utval	Møtedato
43/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Innspel budsjett 2019

Budsjettsskriv om innspill til 2018 og 2019 budsjettet  
170821 Budsjett 2019

### Saksorientering

Kyrkerådet ønskjer innspel til behov i budsjett 2019.

Kyrkerådet skal i desember vedta behovspresentasjon for 2019. Denne blir sendt departementet i desember.

Kyrkerådet vil gje nærare informasjon om innhald til samlinga for stiftsdirektørar 30.08.17. Denne informasjonen blir gitt rådet i bispedømerådsmøtet.

Innspela må vere kyrkerådet i hende innan 01.10.17.

Administrasjonen ber bispedømerådet om innspel.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	110	17/05281-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
44/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Budsjett og årsplan 2018 - overordna styringssignal

### Saksorientering

Som del av budsjett og årsplanarbeidet i Møre bispedøme blir det lagt fram sak der bispedømerådet drøftar dei overordna styringssignala. Dei overordna styringssignala blir gitt før administrasjonen i samvirke med tillitsvalde og relevante samarbeidspartar utarbeider forslag til budsjett og årsplan. Førebels budsjett/årsplan blir lagt fram for bispedømerådet i desember 2017. Endeleg behandling skjer i februar/mars 2018.

Mål gitt av Kyrkjemøtet og Møre bispedøme sitt visjonsdokument ligger som grunnlag.

Forslag til statsbudsjett for 2018 blir lagt fram 12/10-2017. Det er uklart om tildelingsnivået blir vidareført. Dei seinare åra har ikkje tildelingane følgd løns- og prisutviklinga. Det har dessutan vore lagt inn eit "effektiviseringskrav". Møre bispedømeråd har tidlegare bedt om at det i samband med budsjett 2018 blir lagt fram alternative forslag til reduksjon i drifta på inntil 4. mill. Det er Kyrkjerådet/Kyrkjemøtet som gjer endeleg vedtak om fordeling av dei statlege midlane.

Til grunn for samtalen ligger også budsjett og årsplan for 2016, men desse dokumenta blir ikkje lagt ved her.

Tema som er aktuelle:

- Prestetenesta – ressursar og rammer for stillingar og personalpolitikken
- Administrasjon – ressursar rammer for stillingar og personalpolitikken
- Stat og kyrkje – kyrkjeordning
- Kyrkjeval 2019
- Prosjekt "velkomen til dåp"
- 2018 – eit år med eit bestemt fokus/tema?

### Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd ber om at dei overordna styringssignala blir følg opp i arbeidet med årsplan og budsjett for 2018.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Signe Hellevik	030	17/04107-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
45/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Utlysning av stillingar og tilsettingsprosessar i Møre bispedøme

### Vedlegg:

Utdrag av lovar og regelverk om prøvetid

Utdrag av lovar og regelverk om samlivsform

Samlivsform. Kirkerådet

Introduksjonsprogram for nytilsette i presteteneste i Møre

### Saksorientering

## UTLYSING AV STILLINGAR OG TILSETTINGSPROSESSAR I MØRE BISPEDØME

Saken gjeld spørsmål om prøvetid og om samlivsform for alle som blir tilsett av bispedømerådet. I tillegg spørsmål ved intervju og mal for innhenting av referansar.

### PRØVETID

Generelt i arbeidslivet er det vanleg med ei prøvetid på inntil 6 månader ved tilsetting av nye medarbeidarar.

Møre bispedømeråd har til nå ikkje praktisert dette, og det ser ut som det same er praksis også i nokre andre bispedømer. Ingen av stillingane som er utlyst på Kirkejobb.no pr.

01.06.17 seier noko om prøvetid, heller ikkje ei stilling i Kirkerådet.

Kirkerådet anbefaler 6 månaders prøvetid for nytilsette, og bestemmelsen er lagt inn i Kirkerådets mal for arbeidsavtale.

Ei ordning med prøvetid krev tett oppfølging den første tida, og introduksjonsprogrammet for nytilsette prestar kan i stor grad ivareta dette. (sjå vedlegg)

Prøvetida kan gi både den tilsette og arbeidsgjevar høve til å sjå om dette er rett stad og stilling for vedkomande.

Dette er ikkje like aktuelt når ein kjenner den nytilsette godt eller når det dreier seg om ny stilling innanfor bispedømet. Men desse tilhøva kjenner vi sjeldan ved utlysingstidspunktet.

Ei ordning med prøvetid må vere avklart i forhold til ordinasjon og vigsling. Ved

ordinasjon/vigsling gir biskopen ei grunnleggande godkjenning av vedkomande som skikka til tenesta. Dette kan det ikkje stillast spørsmål ved ved tilsetting.



Ordninga med prøvetid kan berre legge inn tid til å vurdere om den tilsette er på rett stad til rett tid, eller om det er kome nye ting til som ikkje var aktuelt ved ordinasjon/vigsling. Prøvetida vil då kunne vere ei tid for avklaring for begge partar ut frå lokale forhold.

Saka blei lagt fram for Kontaktmøtet 10.05.17 der arbeidstakersida uttrykker at ei ordning med prøvetid kan vere bra både for arbeidstakar og arbeidsgjevar, sidan det krev tett oppfølging av prost for nyttilsette prestar. Dei meinte også at ordninga bør gjelde tilsette ved bispekontoret.

**Sjå vedlegg: 1. Utdrag av lovar og regelverk om prøvetid.  
2. Introduksjonsprogram for nyttilsette i presteteneste i Møre.**

## **SPØRSMÅL OM SAMLIVSFORM**

I stillingsannonse frå Møre bispedømmeråd er spørsmål om samlivsform ein del av utlysingsteksten.

Spørsmålet kan vere aktuelt både når det gjeld sambuarskap og samkjønna ekteskap, og ein har vurdert dette som ei viktig avklaring i forhold til tilsetting i vårt bispedøme. Ordlyden pr. i dag:

***Med heimel i arbeidsmiljølova §13-4.2. blir opplysningar om samlivsform innhenta og kan bli vektlagd.***

Eksempel på praksis i andre bispedøme og Den norske kirke i utlandet.

Stavanger bispedømmeråd har ordlyden:

***Opplysningar om samlivsform vil kunne bli innhentet og vektlagt ved tilsetting. (jfr. §16 i diskrimineringsloven om seksuell orientering).***

Sjømannskirken, Den norske kirke i utlandet har følgende ordlyd:

***Opplysningar om samlivsform vil kunne bli etterspurt og vektlagt, jfr. Lov om forbud mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk § 16.***

Det blir elles vist til Sjømannskirkens Formelle krav til ansettelse der det blir lagt vekt på "stedlige forhold".

HR-avdelinga, Kyrkjerådet.

Telefonsamtale med rådgjevar Håvard Sporastøyl i HR-avdelinga 09.05.

Han tok spørsmålet med inn i seksjonsmøte for avdelinga og gav dette svaret i etterkant:

- Det er inga endring i lovverket når det gjeld retten til å spørre om og vektlegge samlivsform ved nyttilsettingar.
- Bispedømmerådet har rett til å spørre om samlivsform.
- Bispedømmerådet avgjer om ein ønskjer å ha dette med i utlysingsteksten, noko som i så fall gir høve til å ta spørsmålet fram i eit intervju.

Sporastøyl tok også opp spørsmålet med kirkeordningsavdelinga 10.05. Dei seier at det ikkje er endring i praksis når det gjeld dette punktet i utlysingsteksten. Frå Kyrkjerådet si side blir det ikkje lagt føringar, og rådet har ingen innvendingar mot å fortsette samme praksis som før.

Dei presiserer at dersom utlysingsteksten ikkje sier noko om vektlegging av samlivsform, har bispedømmerådet ingen juridisk rett til å spørre om det eller vektlegge det.

Saken blei drøfta i Kontaktmøtet 10.05.17 som uttalte at formuleringa framover ikkje bør vise til ein bestemt lovparagraf, men ha ordlyden:

**Opplysningar om søkjarens samlivsform vil bli etterspurt og kan bli vektlagt.**

Prostemøtet drøfta også saka og meinte det var viktig å behalde spørsmålet om samlivsform i utlysingsteksten. Men nokre ønska å endre setninga til “vil kunne” eller “kan” bli etterspurt.

Ei slik formulering kan virke mildare, men kan også skape meir usikkerheit om når det er rom for å spørje om samlivsform og når det eventuelt ikkje er det.

**Sjå vedlegg: 3. Utdrag av lovar og regelverk om samlivsform.  
4. Samlivsform. Kirkerådet.**

## **TILSETTINGSPROSESSEN**

Ved utlysing og tilsetting skal ein følgje reglane i personalreglement for prestar.

Som ein del av tilsettingsprosessen blir søkjaren kalla inn til intervju, og det blir innhenta referansar.

Under intervjuet får søkjaren presentere seg og fortelle om sin bakgrunn, sine erfaringer frå kyrkjeleg teneste og om tankar og ønsker for den stillinga han eller ho har søkt. Teologiske refleksjonar er ein del av denne presentasjonen. Desse spørsmåla er òg innarbeidd i referansemalen.

Innstillingsrådet, saman med representantar frå sokneråd, får på si side presentere bispedømet, prostiet og den konkrete tenestestaden, samtidig som ein stiller spørsmål som er relevante for stillinga.

Rutinene i samband med intervju og innhenting av referansar er ei sak for administrasjonen/innstillingsrådet, og innhaldet kan variere etter type stilling og lokale forhold.

Den som er ordinert eller vigsla, har biskopens og kyrkja si godkjenning til å gjere teneste i Den norske kyrkja, og formålet med intervjuet er i første rekke å undersøke om søkjaren er den rette for ei konkret stilling.

### **Forslag til vedtak**

1. Møre bispedøme vil innføre 6 månaders prøvetid for nye tilsette.
2. Noverande formulering i stillingsutlysingar blir endra til:  
Opplysningar om samlivsform vil bli etterspurt og kan bli vektlagt.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	000	17/05045-4	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
46/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Endring av prostigrenser i Møre bispedømme

### Vedlegg:

Notat- Endring i prostigrenser i Møre bispedømme

Avgjørelsesmyndighet i saker om kirkelig inndeling - myndighet til bispedømmer

Endringer i kommunestrukturen.pdf

### Saksorientering

I denne saken drøfter bispedømmerådet muligheter og utfordringer for kirkelig inndeling med særlig vekt på prostigrenser som følge av kommune- og regionreformen. Det vises til velagte notat.

På bakgrunn av kommune- og regionreformen som regjering har iverksatt, har Stortinget gjort formelle vedtak om endringer i kommunestrukturen i Møre og Romsdal. Det er også gjort vedtak som får konsekvenser for grensene mellom fylker (Halsa og Hornindal).

I følge Kirkeloven § 5 skal det være et kirkelig organ på kommunenivå. Dette vil medføre at flere av de nåværende fellesråd slås sammen. De vedtatte endringene i kommunestrukturen vil også direkte berøre alle prostigrensene i Møre bispedømme, med unntak av Søre Sunnmøre prosti. Endringene i kommunegrensene får konsekvenser fra senest 1/1 2020.

Kommunene dette gjelder er:

- Molde, Nesset og Midsund - slås sammen
- Ålesund, Haram, Sandøy, Ørskog, Skodje - slås sammen
- Stordal og Norddal - slås saman
- Fræna og Eide - slås saman
- Volda og deler av Hornindal slås sammen og blir del av Møre og Romsdal
- Halsa,
- 

### Prosedyre

Kommunereformen følger i sine prosedyrer: LOV 2001-06-15 nr 70: «Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser» (Inndelingslova) –

Loven gjøres gjeldende så langt den rekker også for endringer i den kirkelige inndeling.

### Delegert myndighet

Kulturdepartementet har gjort endringer i delegasjon av myndighet, jfr brev av 21.07.2017. Departementet har gitt bispedømmerådet avgjørelsesmyndighet til å gjøre endringer i prostiinndelingen innenfor bispedømmet.

Dette gjelder

- a) Opprettelse eller nedleggelse av prosti

- b) Overføring av et sokn fra et prosti til et annet
- c) Endring av grensene mellom sokn
- d) Sammenslåing av sokn
- e) Opprettelse av nytt sokn i et distrikt hvor det er kirke, jfr KL §17
- f) Treffe bestemmelser som er nødvendige for å gjennomføre inndelingsendringer
- g) Fastsetting av navn på kirke, sokn og prosti

Det er gitt nærmere bestemmelser om saksbehandlingen.

Vedtak om endringer i den kirkelige inndelingen som berører flere bispedømmer ligger til departementet, med Kirkerådet som saksforberedende organ.

Saksutredningens innhold:

- Hvilke sokn og kirkelig fellesråd, kommuner og evt fylker forslag til endring berører.
- Beskrivelse av hensikten og formålet med forslag til endringer.
- Personalmessige forhold som berører de ansatte, skal det gjøres rede for
- Økonomiske og administrative konsekvenser skal utredes
- Lokalisering av «prostese»
- Forslag på navn på prostiet.

### **Saksgang**

Bispedømmerådets administrasjon utarbeider forslag til høringsbrev. Høringsbrevet behandlet av bispedømmerådet vil bli sendt til aktuelle menighetsråd, menighetsmøter, kirkelig fellesråd og kommunestyre.

De ansatte skal også høres: proster, prester, fagorganisasjoner og verneombud. Det bør vurderes om fellesrådsansatte også skal gis anledning til å uttale seg. Dette kan begrunnes med henvisning til tjenesteordning for proster § 3.

Bispedømmerådet vil også i sitt møte fatte vedtak om hvordan ledige proste-embeter skal betjenes fram til endringer av prostigrenser iverksettes og det er gjort vedtak om nytilsetninger.

Er det under 12 måneder før iverksetting av vedtak om endring, beslutter biskopen hvordan ledige embeter skal betjenes. Jf. Personalreglementet for menighetsprester.

### **Behandling av hørings svar**

Saksutredning skal vurdere de momenter og synspunkter som framkommer i hørings svarene. Før den går til behandling i bispedømmerådet legges den fram i Kontaktmøtet og RAMU til drøfting/behandling. Protokoll fra disse møtene skal følge saken til bispedømmerådet. Prostemøtet og Kirkevergelaget gis også anledning til å komme med innspill til saksframlegget.

Endelig vedtak om iverksetting av arbeidet med endring av prostigrenser gjøres av bispedømmerådet. Det vil være naturlig å følge tidspunktet for kommuneendringene – 1. jan 2020, men kan også være aktuelt fra 1. januar 2019.

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd vedtar å sende det framlagte høringsdokumentet ut på høring



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bente Wangenstein	622	17/05285-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
47/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Kirke 18-30

### Saksorientering

Bispedømerådet vert i denne saka invitert til samtale og refleksjon.

«Aldersgruppa 18 -30 skal erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament» (fra visjonsdokumentet til Den norske kyrkje)

Å være kyrkje for og med aldersgruppa 18-30 handlar i stor grad om å være kyrkje i vår tid – for alle. Det handlar om mangfold og kvalitet tilpassa ulike aldersgrupper og livsfasar, fellesskap som bidrar til at ein kan vokse i trua og møte med kyrkja i ulike overgangsfasar.

- Kva kjennetegnar aldersgruppa 18–30 år?
- Kva er dei unge vaksne sitt behov og lengslar?
- På kva for ein måte kan unge vaksne i større grad utfordrast til å være ein ressurs i kyrkja?
- Korleis kan aldersgruppa 18-30 erfare at kyrkja er relevant, livsnær og tilgjengeleg gjennom relasjonsbygging, gode fellesskap og ord og sakrament?

Kyrkjemøte i 2009 utfordra Den norske kyrkja på alle plan å fornye og vidareutvikle arbeidet med aldersgruppa 18-30 DNK søker å bidra til at det utviklast gode strategier for denne aldersgruppa. Bispedømerådet er invitert til å snakke om korleis Møre Bispedøme kan setje fokus på 18 – 30 gruppa sine interesser og behov. Særlig er Bispedømerådet utfordra til å vurdere støtteordningar og kyrkjeleg nærvær (studentprestteneste) for aldersgruppa

### Forslag til vedtak

Bispedømerådet ber stiftsdirektøren ta momenta som har kome opp til etterretning og arbeide vidare med dei.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	421	17/04145-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
48/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Møteplan 2018

### Saksorientering

Førebels møteplan for 2018 for Møre bispedømeråd blir lagt fram som eigen sak for handsaming, jfr §4.1 i reglar om formene for bispedømerådet si verksemd. Bispedømerådet fastsetter møteplan i møte. Møteplanen for bispedømerådet er del av møtekalenderen for bispedømet og legger premiss for andre møter. Samstundes er det allereie no aktivitetar som vil legge premiss for bispedømerådet sine møter, til dømes visitasar, Kyrkjemøtet og Bispemøtet.

Om bispedømerådet ønskjer å halde nokre av møta ute i bispedømet bør det drøftast i møte. Framlegg til aktuelle stader må bli kontakta. Praktiske og økonomiske tilhøve må bli vurdert.

Tidsramma for ordinære møter har vore 09:45 til 16:00.

Til grunnlag for drøfting før vedtak ligger også andre, relevante møter

Dato eller alternativ dato	Kommentar
Fredag 26/1	Ordinært møte
Mandag 26/2	Ordinært møte (årsrapport 2017, budsjett og årsplan for 2018, tilsettingssaker)
Fredag 6/4 11/4 – 17/4	Ordinært møte inkl førebuing Kyrkjemøtet Kyrkjemøtet
Fredag 4/5	Ordinært møte
Fredag 15/6	Ordinært møte
Fredag 7/9	Ordinært møte
Fredag 5/10	Ordinært møte
Fredag 9/11	Ordinært møte
Fredag 14/12	Ordinært møte – Førebels budsjett og årsplan for 2019

## **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd fastsetter slik møteplan for 2018:

26/1, 26/2, 6/4, 4/5, 15/6, 7/9, 5/10, 9/11 og 14/12



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	700	17/04432-3	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
49/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Møte med Kirkens SOS Møre

### Saksorientering

Hilde Lillestøl er dagleg leiar for Kirkens SOS i Møre. Ho vil presentere organisasjonen og orientere bispedømerådet om arbeid og utfordringar som organisasjonen står i.

### Forslag til vedtak

Møre bispedømeråd tek orienteringa frå dagleg leiar Hilde Lillestøl i Kirkens SOS i Møre til orientering.





Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Anina Sørli Olsen	421	17/00414-31	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
50/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Orienteringssaker 08.09.2017

### **Vedlegg:**

Rundskriv nr. 1-2017 frå Kyrkjerådet - Forsøk med alternativ arbeidsgjevarorganisering  
Endringer i kommunestrukturen.pdf  
Korrigert tildelingsbrev juni 2017  
Tjenestebolig for prester i rekrutteringssvake områder  
Ledige stillingar og delvis plan for tilsetjing per 1. september 2017

### **Saksorientering**

Orienteringssaker følger vedlagt.

### **Forslag til vedtak**

De fremlagte sakene tas til orientering.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Anina Sørli Olsen	421	17/00414-30	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
51/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	08.09.2017

## Referatsaker 08.09.2017

### Vedlegg:

Referat fra møte i det sentrale arbeidsmiljøutvalget (AMU) 07.06.2017

Referat fra kontaktmøte sentralt 15.06.2016 med vedlegg om særavtaler

### Saksorientering

Referatsaker følger vedlagt.

### Forslag til vedtak

De fremlagte sakene tas til orientering.